



82/2016: FINANSIERING AV TILTAK I STAMNES SENTRUM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre vedtek at det vert rekvisert ein ugilda takstmann, for taksering av den parsellen som er aktuell for kommunen å erverva. Taksten vert basert på attkjøpsverdien for ein tilsvarande parsell med bygningar i same eller likestilte områder. Kostnaden med takseringa påkvilar kommunen.

Når taksten er akseptert av både partane, vert det skriven ein kjøpsavtale mellom Vaksdal kommune og eigar av gnr. 45, bnr.6, i Stamnes. Rådmannen får fullmakt til å utførda kjøpsavtalen.

Kjøpesummen og alle kostnadane med heimelsoverføringa, skal ikkje overstiga den summen som er avsett i budsjettet for utvikling av Stamnes sentrum.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.10.2016

Behandling:

Ordføraren fremja følgjande alternative framlegg på vegner av AP og SP:

1. *Med utgangspunkt i uhilda takst får administrasjonen i oppdrag å forhandla fram ein avtale om kjøp av gardsnummer 45, bruk 6. Kjøpesummen må ikkje overstiga dei summane som kjem fram i budsjettet som er utarbeidd av arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.*
2. *Dersom Vaksdal kommune ervervar denne tomta, får administrasjonen i oppdrag å laga samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum om korleis ein kan få rive bygget på gardsnummer 45 bruk 6, leggja til rette tomta og fylla ut i sjøen. Ein legg til grunn at arbeidsgruppa sitt ansvar i denne samanhengen i hovudsak vert å bidra med dugnadsarbeid.*
3. *Når samarbeidsavtalen mellom kommunen og arbeidsgruppa er utarbeidd, vert denne lagt fram for formannskapet til orientering.*

Den totale kommunale kostnaden for 1 og 2 ovanfor, skal vera innanfor dei økonomiske rammene som alt er løyvd til Stamnes sentrum.

Kjartan Haugsnes stilte spørsmål om habiliteten til Sigmund Simmenes som tidlegare medlem i arbeidsgruppa for Stamnes sentrum, samt om arbeidsgruppa sin habilitet ovanfor grunneigaren.

Sigmund Simmenes gekk frå under behandlinga av habilitetsspørsmålet.

Formannskapet vedtok mot 1 røyst (SV) at Sigmund Simmenes er habil til å delta under behandlinga.

Framlegget vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget frå ordføraren fekk 6 røyster (AP, SP, KRF, H) og vert formannskapet si tilråding til kommunestyret.

Det vart så samrøystes vedteke å stryke «til orientering» i punkt 3.



Vaksdal kommune

FPØ - sak 87/2016 Tiltråding:

1. Med utgangspunkt i uhilda takst får administrasjonen i oppdrag å forhandla fram ein avtale om kjøp av gardsnummer 45, bruk 6. Kjøpesummen må ikkje overstige dei summane som kjem fram i budsjettet som er utarbeidd av arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.
2. Dersom Vaksdal kommune ervervar denne tomta, får administrasjonen i oppdrag å laga samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum om korleis ein kan få rive bygget på gardsnummer 45 bruk 6, leggia til rette tomta og fylla ut i sjøen. Ein legg til grunn at arbeidsgruppa sitt ansvar i denne samanhengen i hovudsak vert å bidra med dugnadsarbeid.
3. Når samarbeidsavtalen mellom kommunen og arbeidsgruppa er utarbeidd, vert denne lagt fram for formannskapet.

Den totale kommunale kostnaden for 1 og 2 ovanfor, skal vera innanfor dei økonomiske rammene som alt er løyvd til Stamnes sentrum.

Kommunestyret 14.11.2016

Behandling:

Alternativt framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Det er etter kommunestyret si vurdering prinsipielt vanskeleg legge opp til at kommunen skal eiga ei tomt i Stamnes sentrum, som skal nyttast til forretning og tenesteyting i privat regi.*
2. *For kommunen å inngå avtalar med private, om kjøp av eigedom, utan at det er føreteke ein verdi takst, er prinsipielt feil, og kan få konsekvensar / presedensar for kommunen i andre liknande høve.*
3. *At erverv av denne eigedomen er ei viktig sak for utvikling av Stamnes sentrum, er kommunestyret einig i, men det må gjerast på ein måte som ikkje vil medføre at vanlege prinsipp og prosedyrar for kommunen sine kjøp av grunneigedomar vert fråvika.*

Bjørn Roald ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjorde han greie for sitt syn.

Utsetjingsframlegg frå Boris Groth, FRP:

- *Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for fullstendig ny saksførebuing i samsvar med gjeldande lover og reglar for kommunal saksgang!*
- *Samtidig bør det fremjast ei prinsipiell sak vedrørande om kommunen skal vera ein aktiv eigedomsaktør for å tilrettelegge næringseigedomar/forretningslokaler for privat næringsliv.*

Utsetjingsframlegget fekk 5 røyster (SV, MDG, FRP) og fall.

Tiltrådinga frå formannskapet og Kjartan Haugsnes sitt framlegg vart sett opp mot kvarandre.
Framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 5 røyster (SV, FRP, MDG) og fall.



Vaksdal kommune

KOM - sak 82/2016 Vedtak:

1. Med utgangspunkt i uhilda takst får administrasjonen i oppdrag å forhandla fram ein avtale om kjøp av gardsnummer 45, bruk 6. Kjøpesummen må ikkje overstige dei summane som kjem fram i budsjettet som er utarbeidd av arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.
2. Dersom Vaksdal kommune ervervar denne tomta, får administrasjonen i oppdrag å laga samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum om korleis ein kan få rive bygget på gardsnummer 45 bruk 6, leggja til rette tomta og fylla ut i sjøen. Ein legg til grunn at arbeidsgruppa sitt ansvar i denne samanhengen i hovudsak vert å bidra med dugnadsarbeid.
3. Når samarbeidsavtalen mellom kommunen og arbeidsgruppa er utarbeidd, vert denne lagt fram for formannskapet.

Den totale kommunale kostnaden for 1 og 2 ovanfor, skal vera innanfor dei økonomiske rammene som alt er løyvd til Stamnes sentrum.

